

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3862 - 16/4233

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
16.02.2016

## RADØY UNGDOMSSKULE - TILSYNSRAPPORT 2016

Den 16.2.16 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." ved Radøy ungdomsskule. Internkontrollsystemet og inneareal vart inspisert. Rektor Alexander Kjesæth og avd.leiar Marianne Herø møtte for verksemda.

### ➤ Tilsyn

Radøy ungdomsskule er berekna for 235 elevar, og har i dag 212 elevar.

- **Avvik som vart påpeika**

Under tilsynet vart det oppdaga avvik i høve til forskrifta.

### § 4; Ansvar. Internkontroll

#### **Virksomhetens eier skal påse at det er etablert et internkontrollsystem**

Rektor er ny i jobben, og har ikkje oversikt over tildegare etablert internkontrollsystem.

Eigar av skulen (kommunen) har ansvar for at det er etablert eit internkontrollsystem. Leiar (rektor) er ansvarleg for at det etablerte internkontrollsystemet vert fylgt opp.

Rektor har ikkje kurs innan internkontrollforskrifta. Kurs bør vurderast.

Systemrevisjon av internkontrollsystemet må utførast når dette er på plass.

### Definisjon:

*Internkontrollsystem: Systematiske tiltak som skal sikre og dokumentere at aktivitetene utøves i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av lov eller forskrift. De systematiske tiltakene skal være beskrevet i administrative prosedyrer.*

På tilsynet mangla det skriftlege prosedyrar for:

**§ 5; Opplysning og informasjonsplikt**

**§ 7; Generelle krav.** Skulen har berre vaktmeisters plan for vedlikehald. Skulen skal ha rutinar for forvaltning, drift og vedlikehald (jf. Internkontrollforskrifta).

**§ 11; Måltid.** Lærar for mat og helse har rutinar for kontroll av temperatur på kjøøl og frys. Rektor manglar skriftleg prosedyre og skjema i internkontrollen (IK).

**§ 13; Reingjering og vedlikehald.** Skulen manglar ei vedtatt plan for vedlikehald av skulebygget.

➤ **Merknad**

**§ 13; Reingjering og vedlikehald**

Verksemda har ikkje skriftleg dokumentasjon på at hovdreingjering er utført. Dette bør finnast i verksemdas IK- system.

**§ 14; Tryggleik og helse**

Skulen bør ha oversikt over kontrollar (t.d. kontroll/prosedyre ang. legionella, kontroll av utstyr i gymnastikksal) som vert utført i Radøyhallen, da denne nyttast til gymnastikk og symjing for elevane.

**§ 15; Førstehjelp**

Tilsette har kurs i førstehjelp. Kven som har delteke på førstehjelpskurs og kurs i livredning må dokumenterast.

➤ **Vedtak**

- Avvik: Skulen manglar eit etablert internkontrollsystem. Avvik må rettast innan 01.06.16. Internkontrollsystem skal innehalde skriftlege prosedyrar og rutinar.

I de tilfelle der skulen ikkje innehar opplysningar som til dømes vedlikehaldsplan for skulen, kontroller utført i Radøyhallen og hovdreingjering, må skulen innhente dette hos teknisk etat.

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når avvik er retta opp.

Med helsing

Grethe Fosse  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Sider/default.aspx>

**Kopi til:**

Alexander Kjesæth

Einar Færø

Helge Vallestad

Jarle Landås

Radøy kommune

KOPPI